


Bokanmeldelse

ENDELEG ER HO HER

Bygdeboka IVELAND V – GRUVEDRIFT

Av Harald Breivik



Vi som kjemner til ”steinmiljøet” på Sørlandet har i ein del år hørt tale om det 5. bindet av Iveland Bygdebok. No er ho her. Det har teke 3 år med intenst arbeid og det har blitt ei solid bok på mest 400 sider. Boka har to undertitlar: ”Geologi og gruvedrift” og ”Om alle minerala i Iveland”. Stoff til boka har vorte samla på ulike måtar gjennom ei lang tid før sjølve skrivinga tok til. Notatar, lydband, film og bilete er nokre av kjeldene som kan nemnast.

To av forfattarane må, etter mi meinings, seiast å vera meir sentrale enn dei andre når

det gjeld omtale av geologien og minerala, samt mange av historiane som har kome med: Ole Fridtjof Frigstad med hovudfag på cleavelandittpegmatittane i Iveland og Kjell Gunnufsen, rektor ved Vatnestraum skule gjennom 33 år og glødande interessert i mineraler og geologi. Utan sistnemnde sin innsats hadde vel ikkje boka blitt til.

I den første bolken tek forfattarane for seg noko om korleis Iveland vart til, geologien, og mangt og mykje frå gruvehistoria frå Evje Nikkelverk starta opp i 1872.

Ein omtale av driftsmåtar, utstyr, transport og lønningar høyrer òg med i ei bok av denne sorten. Mang ein gong røynde det på når det gjaldt å kunna brødfø familien sin. Det var eit slit å arbeide i gruvene og svært varierande kva ein fekk for feltspaten og kvartsen. Ikkje sjeldan var det lang og vanskeleg transportveg.

Mange av dei gamle gruvekarane har fortalt om arbeidet sitt i gruvene gjennom intervju. Nokre gonger har ein også fått forteljingar gjennom etterkomarane deira. I denne bolken er det mange fornøyelge historier og forteljingar, nokre sanne og andre kanskje mindre sanne. Saman med ei rekke treffande illustrasjoner og gode foto gjer dette boka svært lesverdig. Ein kjem òg innom dei fleste gruvene i kommunen, samt mange av i minerala som blei funne

der. Fleire av dei store gruvene har fått eigen omtale, det same har dei absolutt viktigaste minerala kvarts, feltspat og glimmer. Det var desse minerala som var grunnlaget for alle dei andre mineralfunna som har gjort Iveland så vide kjent. Utan tre sentrale personar hadde vel ikkje det skjedd. To av namna er velkjende i både mineralvitskaplege og samlarkretsar: Olaus Thortveit og Olaf Landsverk, den tredje viktige personen var Tomas Hagen. Etter det som blir fortalt var det han som byrja med gruvedriften i Iveland på Håvardstad i 1898, altså like etter at "Sestadsbana" var ferdig.

Olaus Thortveit fekk i 1910 eit mineral gruvearbeidarane ikkje fann ut kva var for noko – det var ulikt alt dei hadde sett før. Olaus sende prøvene til Oslo der prof. Jacob Schetelig analyserte mineralet – det var heilt nytt for verda og fekk navn etter Olaus Thortveit: Thortveititt. Funnet ført til at "alle" skulle ha ei prøve av det nye mineralet og dette var med på å gjere Iveland kjent ute i verda. På 1950-talet blussa Thortveititt-feberen opp igjen – no kunne ein få opp i 20 kr. grammet eller 20 000 kr. for kiloen.

I det meste av tida gruvedriften gjekk føre seg blei det òg funne andre mineral. Ein del av desse blei gjevne eller selde til folk frå Universitetet i Oslo, seinare til privatpersonar som samla mineraler. Gruvedriften avtok ut over -60 og -70-talet, samtidig byrja fleire og fleire å samle mineraler. Ein del av desse

geologiinteresserte sakna eit breiare grunnlag, noko som ført til at det blei halde eit geologiseminar på Evje hausten 1969. Dette vart opptakten til Sørlandets Geologiforening som offisielt blei starta 27.mai 1970 med omlag 40 personar tilstades.

I den siste delen av boka er alle dei 99 minerala med varianter som til no er påviste i gruvene i Iveland, omtala. Så langt eg kjenner til er det første gang det ligg føre ein samla omtale av alle minerala i kommunen. Langt dei fleste er det også foto av. Som avslutting er det teke med eit personregister og litteraturliste som mange kan ha nytte av.

Etter å ha lese boka, ser eg at ho er vel verd å lese for alle som er steininteresserte. Boka inneholder svært mange interessante og for meg nye opplysningar. Boka er lettles for dei av oss som kjenner nynorsk målet, forfattarane "knotar" etter mitt syn rettnok med ein del ord. Når dét er nemnt – boka er vel verd å lesa både ein og to gonger.

Boka kostar kr. 500.- og ein kan tinga (bestille) boka ved å ringje 37 96 12 00; Iveland kommune.



Bilde over: Thortveititt-krystall fra Ljoslandsnipan, Iveland.

*Samling: Naturhistorisk Museum, Oslo.
Gave fra Olaus Thortveit i 1904.
Foto: Knut Edvard Larsen.*